



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.: 14/9546-6

Vår dato: 30.12.2014

Vår ref.: 2014/7375

Arkivnr.: 461.0

Rogaland fylkeskommune
Postboks 130
4001 Stavanger

Att. Vegard Næss

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Uttale til regional plan og regionalt tiltaksprogram for vassregion Rogaland

Rogaland fylkeskommune har som vassregionmyndigheit gjort eit stort og viktig arbeid med regional plan og regionalt tiltaksprogram for vassregion Rogaland. Fylkesmannen i Rogaland har karakterisert og klassifisert alle vassførekomstar og er regional sektormynde innan landbruk, forureining og naturvern i forhold til vassregionarbeidet. Me har hatt eit tett og godt samarbeid med fylkeskommunen undervegs i dette planarbeidet. Merknadene våre gjeld i all hovudsak innspel til konkrete betringar i plan og tiltaksprogram. Merknadene følgjer inndelinga i plandokumentet.

Innspel til plandokumentet

Kommentarar til samandraget

Behov for samarbeid om vidare kunnskapsoppbygging og kostnader knytt til dette, bør kome betre fram i samandraget.

Bruk *næringsavrenning frå landbruket* heller enn å skrive *landbruksforureining* under andre kulepunkt på side 7. Landbruket påverkar først og fremst gjennom diffus avrenning. Det same gjeld for kulepunkt fem på same side.

Under kapitlet om prioritering av tiltak på s 8, kan med fordel næringsavrenning og erosjon frå massedeponi nemnast. I lista over tiltaksområde med utilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag, bør næringspåverknad frå akvakultur og verknader av lusemiddel på marin fauna bli tatt med.

Kommentarar til kap. 2 om korleis me har jobba

Landbruk er registrert som årsak til at vassførekomstar er sett i risiko også på stader prega av ekstensiv drift. Dette er basert på lokal kjennskap til nedslagsfeltet og skil seg frå metodisk

tilnærming til påverknad frå akvakultur. Ulik tilnærming og metodikk kan gi eit skeivt bilete av årsak og verknad med omsyn til vasskvaliteten. Dette bør nemnast tidleg i plandokumentet. Landbruksområda er generelt delt inn i relativt små vassførekomstar. Dette blir spesielt synleg når tal for påverknader blir gruppert som i tabellane på side 28 – 30 i kapittel 3.

Kommentarar til kap. 3 om korleis det står til med vatnet vårt

Det innleiande avsnittet viser den nye metodikken som kom med innføringa av vassforskrifta. Det bør presiserast betre at etter at vassforskrifta blei gjeldande, er det biologiske kvalitetselement som er viktigast for å fastsette økologisk tilstand. Fysisk-kjemiske kvalitetselement er støtteparameter.

Ny kunnskap og nye data vil kunne endre vurderingane av økologisk tilstand. Dette gjeld spesielt dei områda som manglar konkrete data og er klassifisert ut frå påverkingsanalyser og lokal kunnskap. Dette gjeld vassområda Dalane, Ryfylke og Haugalandet i større grad enn Jæren.

I 2014 har Fylkesmannen, med nasjonale og fylkeskommunale midlar, gjennomført overvaking av 65 landbrukspåverka elver i vassområda Dalane, Ryfylke og Haugalandet. Dette vil auke prosentdelen med vassførekomstar der klassifiseringa er gjort ut frå kvalitetssikra data. Vidare samarbeid om kunnskapsbygging gjennom overvaking, må ha høg prioritet.

I tabell 1 på side 26, bør erosjon og næringsavrenning frå massedeponi bli lagt til. Det bør vurderast å ta spreidd avløp med blant dei hyppigast registrerte påverknadene på side 31.

Kommentarar til kap. 4 om miljømål og høve til unntak

Under overskrifta om unntaksavgjerder på s 57, blir det etter § 12 i vassforskrifta slått fast at samfunnsnytte av nye inngrep eller aktiviteter skal vere større enn tap av miljøkvalitet. Fylkesmannen ber om konkretisering, gjerne med døme, av korleis unntak skal vurderast.

Det må arbeidast vidare med kriteria for sterkt modifiserte vassførekomstar (SMVF) i landbrukslandskapet, både regional og nasjonalt. For fleire vassdrag i vassregionen vil det vere vanskeleg å nå god økologisk tilstand utan at dei fysiske inngrepa blir reverserte. Døme her er kanalar i landbrukslandskapet på Jæren.

Kommentarar til kap. 5 om grunnlag for prioriteringar

Her bør det inn eit eige avsnitt med regionale føringar, samordna med regionalplan for landbruk og andre relevante regionale planar.

Kommentarar til kap. 6 om prioriteringar

Under pågåande miljøforbetrande tiltak på s 69, foreslår me eit nytt punkt; pålegg om tilknytning for spreidd avløp der dette er mogleg.

Under overskrifta om kven som gjer kva på s 70, må det for lokale og regionale myndigheiter også visast kven som har ansvar i forhold til framande arter, lakselus og rømming frå fiskeoppdrett.

Under overskrifta om behov for nye verkemiddel på s 71, viser me til forenkla innføring av standard naturforvaltningsvilkår for vassdragskonsesjonar. Regionalplanen bør rå til innføring av standard naturforvaltningsvilkår for alle konsesjonar, gjerne som ei forskrift før 2018. Eit forenkla system vil bidra til å nå ønska miljømål.

Fylkesmannen er samd i prioriteringa av vilkårsrevisjonar for dei tre vassdraga Årdal, Ulla og Røldal. I tillegg bør vilkår reviderast for det nasjonale laksevassdraget Ogna. Her er krafttapet lite (rapport 49/2013, NVE/Miljødirektoratet), og vassdraget er også viktig for ål. Justering av vilkår om driftsvassføring og kalking av surt vatn som kjem inn frå Hetland kraftverk, er aktuelt.

I tillegg til nemnde revisjonssaker, vil Fylkesmannen framheve nødvendige tiltak ved to vasskraftverk for å redusere dødelegheit av utvandrande laksefisk og ål. Dette gjeld Ålgård kraftverk i Gjesdal og Svanedal kraftstasjon i Eigersund:

Ålgård kraftverk, Figgjo, Gjesdal kommune: Det er dokumentert død smolt nedstrøms utløpskanalen frå kraftstasjonen ved Ålgård. Avbøtande tiltak som modifisering av varegrind og etablering av vandringsveg over terskel/dam bør settast i verk så snart som råd.

Svanedal kraftstasjon, Hellelandsvassdraget, Eigersund kommune: Høg dødelegheit av laksefisk som passerer Svanedal kraftverket, er dokumentert. Avbøtande tiltak som modifisering av varegrind og etablering av vandringsveg over dam bør settast i verk så snart som råd. Svanedal kraftstasjon er eit gammalt kraftverk som driv utan konsesjon. NVE kan i særlege tilfelle kalle inn gamle kraftverk til konsesjonsbehandling jf. § 66 i vassressurslova. Då eigarane av anlegget ikkje har gjennomført frivillige avbøtande tiltak, til tross for at forholdet ble dokumentert allereie i 2007, meiner me at vassdragsmyndigheitene må gripe inn og bruke nødvendige verkemiddel for å nå miljømessig akseptable løysingar for drifta av kraftverket. Fylkesmannen i Rogaland ser det difor som nødvendig å be NVE om å innkalle kraftverket til konsesjonsbehandling i medhald av § 66 i vassressurslova. Dette vil gje myndigheitene høve til å sette vilkår om at kraftverket må ta rimelige omsyn til miljøet ved drifta av anlegget.

Under overskrifta om prioriterte tiltaksområde i første tiltaksfase på s 73, må det leggest til utarbeiding av lokale forskrifter for spreining av husdyrgjødsel i utsette område som regionalt tiltak for landbrukssektoren.

Under overskrifta om rømt oppdrettsfisk og lakselus i vassdrag på s 77, er det viktig å få med seg at Fylkesmannen er ein av aktørane når det gjeld utfisking av rømt fisk. Me koordinerer overvaking og uttak av rømt fisk, mens Fiskeridirektoratet og næringa har ansvar for gjennomføringa. Tiltak må gjerast i samråd med Fylkesmannen, som kan sørge for ei eventuell lokal tilpassing av tiltaka.

Miljømål for naturreservat våtmark vil i all hovudsak følgje vassforskrifta sine krav om god økologisk tilstand.

Generelt om oppdrett

Med unntak av problema knytt til lus og rømming, som er venta avklart frå sentralt hald, er akvakultur ikkje nemnt blant dei tema der det er behov for handling. Dette til tross for at næringsutsleppa frå næringa er svært store. Det kan forsvarast med at det i dag er få vassførekomstar med akvakulturanlegg i Rogaland som har fått dårlegare klassifisering enn god økologisk tilstand. Fylkesmannen meiner likevel at dokumentet i større grad må vise at oppdrettsnæringa i Rogaland har store utslepp til sjø. Desse næringsutsleppa er også ein tapt ressurs som burde vore nytta t.d. til bioenergi og gjødsel.

Ut frå den kunnskapen me har i dag, gir ikkje dagens produksjonsnivå innan akvakultur i Rogaland vesentlege utfordringar for økologisk tilstand i kystvassførekomstane våre. Med ein vidare vekst i næringa, kan dette forholdet endra seg med omsyn til både lokale og regionale verknader av utsleppa. Overvaking av utsleppa frå akvakulturnæringa, samt verknadene av desse utsleppa på miljøet og ressursane i havet, er difor viktig i framtidig forvaltning av kystvatnet og kystressursane i Rogaland. Slik dokumentasjon gjennom overvaking vil vere av stor verdi, ikkje minst for vidareutviklinga av akvakulturnæringa.

Sterkt modifiserte vassførekomstar

Konkret forslag til miljømål for sterkt modifiserte vassførekomstar, er lagt ved. I tillegg ønskjer me å gje ytterlegare kommentarar for nokre av dei kraftpåverka strekningane:

For Ulladalsåna nedre (035-49-R) har Fylkesmannen sett god økologisk tilstand (GØT) innan 2027 for anadrom strekning som miljømål. For å unngå for stort krafttap for konsesjonær grunna auka vassføring i anadrom strekning, bør fleire småkraftverk i elva over anadrom strekning vurderast. Dette vil kunne bøte på krafttappet som vil følgje av auka vassføring i anadrom strekning.

037-8-R Nordelva er lagt inn i vedlegget som ny SMVF, med GØP lik nabovassførekomsten *037-44-R Storelva*.

Kommentarar til vedlegg 6

Vatsvatnet (038-2036-L) bør takast med i lista på s 111 over innsjø- og elvevassførekomstar med utsett frist.

Innspeil til tiltaksprogrammet

Kommentarar til samandraget - behov for meir kunnskap og betre regelverk

I tillegg til dei momenta som allereie er tatt opp under behov for meir kunnskap på s 5, bør behov for meir kunnskap knytt til verknader av lusemiddel på marin fauna og tilførsel av næringsstoff frå havbruksnæringa nemnast.

I Rogaland er det og eit behov for regelverk som regulerer oppgjødsling frå *utmark til innmark* i form av gjødsling kulturbeite. Det er i dag ikkje søknadspliktig å gjødsle opp utmark med mineralgjødsling så fram arealet eller artsmangfald der ikkje blir omfatta av særskilt vern etter naturmangfaldlova. I sentrale og intensivt drivne landbruksområde i Rogaland, vil behov for meir grovfôrareal og meir spreieareal føre til at meir utmark blir gjødsling opp. Fylkesmannen etterlyser regelverk som gjer det søknadspliktig på linje med nydyrking å kultivere all utmark til kulturbeite. Det må avklarast klare heimlar til å avslå kultivering i særlege tilfelle, t.d. av omsyn til naturtype, raudlisteartar, ulempe for nabo, verdi for friluftsliv m.m. Vidare er det behov for å gjere det lovlig å bruke husdyrgjødsling direkte ved oppgjødsling av utmark etter godkjent søknad. Eit nyttig utgangspunkt kan vere å sjå på kva moglegheiter som ligg i nydyrkingsforskrifta, skoglova og pågåande arbeid med gjødselvereforskrifta.

Kommentarar til kap. 2 om analysar og grunnlag for prioritering av tiltak

Fylkesmannen i Rogaland har halde alle fristar knytt til karakterisering og klassifisering av vassførekomstar i vassregionen. Med ny kunnskap og endra premissar, er det gjort endringar i Vann-Nett som ikkje kan sjåast på som forseinkingar. Slike fortløpande endringar vil halde fram i takt med innsamling av ny kunnskap.

Fylkesmannen i Rogaland er samd i at problemkartlegging må prioriterast høgt i tiltaksfasen.

Det står i tabell 3 på side 14 at det føreligg dokumentasjon som viser at Jøsenfjorden har liten påverknad frå fiskeoppdrett. Me etterlyser denne dokumentasjonen, slik at me kan vurdere endringar i Vann-Nett. Når det gjeld tilførsel av ferskvatn til Jøsenfjorden, så er denne redusert grunna reguleringar. Det vil derfor ikkje vere snakk om eit større lokk av ferskvatn i denne fjorden, grunna auka tilførsel av ferskvatn, og dermed redusert omrøring av vassmassane haust og vår, jamfør naturtilstanden.

Når det gjeld klimatilpassing for landbruket på s 27, bør det nemnast at klimaendringane kan føre til lengre vekstsesong og at fleire episodar med store mengder nedbør på kort tid, vil føre til auka fare for erosjon og næringsavrenning der det er open jord.

Kommentarar til kap. 3 om tiltak for å nå miljømåla

Spesielt for Jæren vassområde må tiltaksinnsatsen aukast for dei mest eutrofe vassdraga. Det må og vere eit auka fokus på å stanse fysiske inngrep i vassdraga her. Når det gjeld tiltak mot næringsbelastning, vil me framheve viktigheita av å stanse omdisponering av areal med naturleg reinsesystem, som myr og våtmark. Desse systema er nå under sterkt press.

Tiltak mot tap av næringsstoff og plantevernmiddel frå grøntanlegg er ikkje med i planen. Drift av park- og idrettsanlegg inneber intensiv bruk av både gjødsel og plantevernmidlar. Denne bruken er lite kartlagt, og det er vanskelig å estimere betydinga for dei einskilde vassførekomstane. Forslag til tiltak er kartlegging av bruk av gjødsel og plantevernmiddel utanfor jordbruket, og etablering av rutinar og retningsliner i kommunane for bruk av plantevernmiddel og gjødsel på grøntanlegg.

I dokumenta er frivillige tiltak og tilskot via RMP og SMIL gjennomgåande framheva som verkemiddel for å redusere avrenning og erosjon som følgje av landbruksdrift. Fylkesmannen sluttar seg til dette, og meiner det trengst meir pengar til SMIL og RMP for tilrettelegging av frivillige tiltak og innlemming av fleire område og type tiltak i ordningane. Det er likevel viktig å vere klar over ei lang rekke andre juridiske verkemiddel knytt til næringsavrenning frå landbruket. Desse kan leggast inn i tiltaksprogrammet som ein ny tabell knytt til overskrifta om landbrukssektoren på s 34.

Forslag til ny tabell med opplisting av juridiske verkemiddel under landbrukssektoren:

Oppfølging og kontroll av eksisterende regelverk:	Verknad	Ansvarleg myndigheit	Juridiske verkemiddel
Informasjon og rettleiing om sektorregelverk		Landbruksdirektoratet Fylkesmannen Kommunane	
Oppfølging av krav om gjødslingsplan	Reduksjon av fosforinnhold i jord	Kommunane Fylkesmannen	Kontroll av søknad om produksjonstilskott
Oppfølging av krav til bruk av plantevernmidler	Redusert risiko ved bruk av plantevernmidler	Kommunane Fylkesmannen Mattilsynet	Kontroll av søknad om produksjonstilskott
Oppfølging av krav til lagerkapasitet for husdyrgjødsel	Mindre spreining av husdyrgjødsel i ytterkantane av vekstsesongen	Kommunane	Tilsyn etter forskrift om organisk gjødsel Handsaming av byggesøknader ved oppføring av nye gjødsellager eller utviding av eksisterende lager
Oppfølging av krav til lagring av surfôr	Mindre tap av pressaft til vassdrag	Kommunane Fylkesmannen	Tilsyn etter forskrift om organisk gjødsel
Forbud mot spreining av husdyrgjødsel etter 1. september i utsatte områder	Redusert næringsavrenning på høsten	Kommunane	Forskrift om organisk gjødsel: Kommunale einskildvedtak eller forskrift med forbod mot spreining av gjødselvarer mellom 1. september til 1. november i område med alvorlig forureining
Kontroll av spreieareal for husdyrgjødsel	Sikre fordeling av husdyrgjødsel og hindre overdosering	Kommunane Fylkesmannen	Kontroll av søknad om produksjonstilskott
Oppfølging av kantsoner langs vassdrag	Reduksjon av overflateavrenning og kanterosjon. Mindre avdrift av plantevernmidler til vassdrag. Habitatbetring	Kommunane Fylkesmannen NVE	Kontroll av søknad om produksjonstilskott
Ta vare på myr/våtmark ved utsette vassdrag	Jevnare vassføring/demping av flomtopper	Kommunane Fylkesmannen	Arealdisponering Handsaming av søknader om

	Filtrering av næringsavrenning		nydyrking
I utsette område: Krav om minst 6 meter vegetasjonssone ved nydyrking også i vassdrag utan årssikker vannføring	Reduksjon av overflateavrenning og kanerosjon. Mindre avdrift av plantevernmidler til vassdrag. Habitatbetring	Kommunane	Handsaming av søknader om nydyrking
Nye tiltak i eksisterende avsnitt			
Miljøbetrande tiltak i landbruket			
Mindre bruk av fosforhaldig mineralgjødsel i grasproduksjonen	God utnytting av husdyrgjødsel. Reduksjon av fosforinnholdet i jorda		A: ressursbruk
Auka omlegging til økologisk landbruk	Reduksjon av fosfornivå i jord. Ingen bruk av syntetiske plantevernmidler	Fylkeskommunen Fylkesmannen Kommunane	A: Informasjon og rettleiing Ø: tilskott til økologisk landbruk gjennom produksjonstilskott
Resirkulering av vatningsvatn i gartneria	Reduserte utslepp	Fylkesmannen Kommunane	Ø: tilskott gjennom SMIL
God agronomi og hensyn til jordstruktur	Mindre jordpakking, redusert behov for gjødsling, betre drifts-forhold uavhengig av vêr	Fylkesmannen Kommunane	Informasjon og rettleiing
Investeringstilskott til bygging av gjødsellager på Jæren		Innovasjon Norge	Ø: investeringstilskott

Sjølv om det i gjeldande regelverk er verkemiddel knytt til vassforureining frå landbruket, er det heilt klart at fleire av desse verkemidla må følgjast opp hos forvaltninga på ein betre måte.

Elles har Fylkesmannen følgjande kommentarar til omtalte miljøforbetrande tiltak i tabellen på s 34 og 35:

- Miljøvenleg gjødselspreiing vil og føre til at mindre gjødsel blir spreidd seint i sesongen.
- Grøfting og dreneringstiltak vil òg redusere faren for overflateavrenning.
- Fangvekstar etter hausting vil primært minske erosjon frå areala utanom vekstsesongen.
- Miljøavtalar vil og bidra til redusert fosforinnhald i jorda.

Fylkesmannen vil presisere viktigheita av at gjødselvareforskrifta må på plass så snart som råd er. Ny forskrift vil vere avgjerande for å kunne nå aktuelle miljømål. Ein må spesielt vurdere å revidere

dagens krav til lagring av husdyrgjødsel, auka lagerkapasitet og gjere nye vurderingar knytt til spreietidspunkt.

I tillegg må det klargjerast kva som er omfatta av omgrepet «vanleg forureining» frå landbruket etter § 8 i forureiningslova. Då kan det som er ut over *vanleg forureining frå landbruk*, handterast etter forureiningslova av kommune og Fylkesmann.

I tabell 14 på s 37 manglar Fylkesmannen som forureiningsmyndigheit for akvakulturnæringa. Fylkesmannen skal gje utsleppsløyve med eventuelle vilkår om resipientovervaking og reinsing av utslipp for landbaserte anlegg i medhald av forureiningslova. Me må difor stå som ansvarleg myndigheit, saman med Fiskeridirektoratet, i rad 1,2,4 og 5. Forslag til ny rad i tabell 14:

Forebyggende / Kunnskapsinnhenting	Virkning	Ansvarlig myndighet	Virkemidler
Pålegg om rensing av utslipp/flytting av utslippspunkt fra landbaserte anlegg der det er tenleg.	Redusere belastning	Fylkesmannen	J: forureiningsloven

I tabell 15 på s 41 må Fylkesmannens tilsyn og kontrollverksemd takast med under miljøforbetrande tiltak, med verknad å redusere miljøgifter og kjemikalier i avløpsnett og ut til vassmiljøet.

Alle sektorar er ansvarlege innan for sitt verkefelt for at det ikkje skjer uønskt spreing av framande arter, ikkje berre Fylkesmannen og Sjøfartsdirektoratet som antyda i tabell 16 på s 45.

Mattilsynet er ansvarleg myndigheit for fiskehelse og spreing av fiskesjukdommar mellom vassdrag, men både Fylkesmannen og fylkeskommunen skal også gje tillating til utsetting av fisk/flytting av fisk i vassdrag etter lakse- og innlandsfiskeleva jf. rad 3 i tabell 19 på s 48.

Fylkesmannen manglar også som forureiningsmyndigheit for akvakulturnæringa i tabell 2.5 på s 85. Fylkesmannen gir løyve til utslepp med eventuelle vilkår om resipientovervaking og reinsing av utslepp i forhold til landbaserte anlegg etter forureiningslova. Me må difor stå som ansvarlig myndigheit, saman med Fiskeridirektoratet, i rad 1,2,4 og 5 i tabellen. I tillegg har me forslag til ny rad i tabell 2.5:

Forebyggende/ Kunnskapsinnhenting	Virkning	Ansvarlig myndighet	Virkemidler
Pålegg om rensing av utslepp fra landbaserte anlegg der det er tenleg.	Redusera belastning	Fylkesmannen	J: forureiningsloven

Kommentarar til kap. 4 om kostnader og nytte

Estimerte kostnader knytt til tiltak i/på sjøbotnen er etter vår vurdering altfor lågt. Summen vil i beste fall vere eit estimert tal for kostnader til undersøkingar. Kostnader ved tiltak vil langt overskride desse beløpa.

I tabell 21 på s 53, med oversikt over føreslåtte prioriteringar av tiltak i vassdrag påverka av vasskraftreguleringar, bør Ognaelva flyttast opp i tabellen slik at dette vassdraga og blir prioritert i tiltaksperioden 2016-2021. Sjå elles det som er skrive om dette under kapittel 6 i planprogrammet.

Kommentarar til vedlegg 1

I tabell 2.4 på side 84 skal Fylkesmannen sine tilsyn og kontrollar ikkje berre betre kunnskapsgrunnlaget, men og redusere utsleppa.

Redaksjonelle innspel

Fylkeskommunen bør rette opp der tekstdelen av dokumenta viser til feil tabellnummer. Det er og enkelte stader at tekst synest å ha falle bort.

Me ser fram til vidare tett tverrsektorielt samarbeid for god vasskvalitet i heile Rogaland!

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa
fylkesmann

May Britt Jensen
fylkesmiljøvernshjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Ørjan Simonsen
Saksbehandlar telefon: 51568905
E-post: fmroocs@fylkesmannen.no

Vedlegg:
Forslag til utpeiking av sterkt modifiserte vassførekomstar og miljømål